

Notat – endra skulestruktur vidaregåande skular

Tingvoll vgs - bestilling

Alternativet - gradvis nedlegging over 2 år.

Det er lagt til grunn at elevar frå Tingvoll kommune som søker til skolen i 2025 (55) ville fordelt seg om lag slik dersom dei skulle velje skole utan Tingvoll vgs som alternativ:

- 70 % Kristiansund vgs eller Atlanten vgs
- 10 % Sunndal vgs
- 20% andre

Ut i frå erfaringstal ser det ut som om lag 75% av elevar frå Tingvoll kommune som går på vidaregåande skole i Kristiansund brukar skoleskyss.

Dette gjev følgjande prognose for kor mange ekstra elevar som treng skoleskyss (i tillegg til no) frå Tingvoll kommune til Kristiansund:

- 2026/2027 – 15 elevar
- 2027/2028 – 22 elevar
- Frå og med 2028/2029 – 29 elevar

Generelt som skyssen

Vi legg til grunn at det vil vere behov for skyss frå heile Tingvoll kommune til skulane i Kristiansund og til Sunndal vgs. Andre skular er ikkje med i berekninga. Det er utfordrande å få rette kostnadstal, då skyssen varierer frå år til år, alt etter kvar elevane bur. Det er mange «avstikkarar» i kommunen, slik at det kan vere mange tilbringarskyssar (drosje som mater inn til hovudbuss). Utgangspunktet er dagens skuleskyss, skuleåret 2024/25 og kvar elevane bur.

Skuleskyss Tingvoll kommune til Atlanten vgs og Kristiansund vgs

Det er i dag skuleskyss frå Meisingset, Skar, Holmeid, Tingvoll, Vatn, Kvisvik, Årsund, Arnvika og Aspøya til skulane i Kristiansund. Det er 18 elevar som i dag har skuleskyss. Det er mindre køyretøy som mater bussen frå Tingvoll, denne korresponderer med buss som startar på Kanestraum ferjekai, slik at det går ein buss til Kristiansund.

Bussen frå Kanestraum tar med seg elevar frå Frei (Storbakken) til Kristiansund, med nedlegging i Tingvoll og dei føresetnadane som ligg i bestillinga, så vil den ikkje ha kapasitet til dette. Men vi har rute 100 FRAMEkspress Molde kl 0715 – Kristiansund, denne kjem til Storbakken samstundes og har kapasitet til å ta 30 elevar frå Storbakken.

Konklusjonen er at det er kapasitet med dagens løysing til å ta med seg inntil 29 nye elevar frå Tingvoll til Kristiansund, **det er derfor ingen meirkostnadar.**

Vi i FRAM kan spare ein god del på skuleskyss, dersom skulane i Kristiansund har lik skulestart alle dagar. I dag er det sein skulestart på måndag. Dette gjeld skyss på dei fleste rutene i Kristiansund kommune og kommunane omkring. Elevane frå Tingvoll må ta rute 901 og kjem til Kristiansund kl 0855 på måndagar, det betyr noko ventetid men ingen meirkostnad.

Skuleskyss Tingvoll kommune til Sunndal vgs

Det er i dag skuleskyss frå Meisingset til Sunndal vgs. Her er det tilbringertransport til/frå Ålvundfoss, der det går buss Skei – Sunndal t/r

Når Tingvoll vgs vert redusert og til slutt lagt ned, så legg vi til grunn at det vere behov for skyss frå andre delar av Tingvoll kommune, no som vil auka kostnaden for FRAM. På grunn av avstand så ser vi på Tingvoll sentrum som eit ytterpunkt for skuleskyss. Nytt skyssopplegg frå august 2026 vil då vere:

- Tilbringerbuss Tingvoll – Ålvundfoss morgon
- Retur frå Sunndal kl 1445 med rute 901 som går heilt til Kristiansund
- Tilbringerbuss Ålvundfoss – Tingvoll på langdagane på skulen (tyrsdag og torsdag)

	Tingvoll kommune		
	tiltak	dg	totalsum
3	Auka skuleskyss morgon Tingvoll - Meisingset	190	kr 154 390
4	Auka skuleskyss ettermiddag Ålvundfoss-Tingvoll	76	kr 102 070
			kr 256 460

Skuleskyss Tingvoll kommune etter nedlegging av Tingvoll vgs

Når Tingvoll vgs vert lagt ned i 2028, så kan ein legge ned ein del skuleruter, særleg om ettermiddagen. Desse er:

- Arnvika kl 0730 – Tingvoll vgs
- Tingvoll vgs kl 1520 – Skar
- Tingvoll vgs kl 1520 – Torjulvågen

Dette gir følgjande innsparing:

	Tingvoll kommune		
	tiltak	dg	totalsum
1	Innsparing morgon Arnvika - Tingvoll	190	-kr 265 659
2	Innsparing ettermiddag Tingvoll - Skar/Torjulvåg	190	-kr 249 866
			-kr 515 524

STRANDA VGS Bestilling

To alternativ skal vurderast. For begge alternativa er dette lagt til grunn:

- Talet på elevar frå Stranda kommune som søker til skolen i 2025 (57) ville fordelt seg om lag slik dersom dei skulle velje skole utan Stranda vgs som alternativ:
- 40 % til Sykkylven vgs
- 40% til vidaregåande skolar i Ålesund
- 20% til andre
- Ut i frå erfaringstal og søking er det allereie eit fleirtal av elevane frå Fjord kommune som ønskjer å gå på ein av dei vidaregåande skolane i Ålesund. Dersom dei skulle velje skole utan at Stranda vgs er tilgjengeleg er det lagt til grunn at dei fleste vil velje ein skole i Ålesund.
- I dag er det om lag 20 prosent av dei elevane som bur i Fjord kommune og som går på vidaregåande skole i Ålesund som brukar ordinær skoleskyss. Dei andre bur anten på hybel eller brukar annan skyss. Det er denne prosentandelen som er lagt til grunn for berekning av auka skyssbehov.

Alternativ – nedlegging

Dette gjev følgjande prognose for kor mange ekstra elevar som treng skoleskyss

Frå Stranda kommune til Sykkylven vgs:

- 2026/2027 – 14 elevar
- 2027/2028 – 20 elevar
- Frå og med 2028/2029 – 23 elevar

Frå Stranda kommune til vidaregåande skolar i Ålesund:

- 2026/2027 – 14 elevar
- 2027/2028 – 20 elevar
- Frå og med 2028/2029 – 23 elevar

Frå Fjord kommune til vidaregåande skolar i Ålesund:

- 2026/2027 – 2 elevar
- 2027/2028 – 4 elevar
- Frå og med 2028/2029 – 6 elevar

Alternativ – Samanslåing

Dette gjev følgjande prognose for kor mange ekstra elevar som treng skoleskyss

Frå Stranda kommune til Sykkylven vgs:

- 2026/2027 – 5 elevar
- 2027/2028 – 10 elevar
- Frå og med 2028/2029 – 15 elevar

Frå Stranda kommune til vidaregåande skolar i Ålesund:

- 2026/2027 – 5 elevar
- 2027/2028 – 10 elevar
- Frå og med 2028/2029 – 15 elevar

Frå Fjord kommune til vidaregåande skolar i Ålesund:

- 2026/2027 – 1 elev
- 2027/2028 – 2 elevar
- Frå og med 2028/2029 – 3 elevar

Generelt om skyssen

Det er lang reisetid dersom ein elev skal bu i Valldal og dagpendle til skulane i Ålesund. Avreise frå Valldal vil vere rundt kl 0545. Det betyr 2,5 timar før det ringer inn på skulane i Ålesund, noko som vil bety at dei fleste vil velje hybel. I dag startar skulebussen i Stordal (Vad bru) retning Ålesund. Gjennom Brusdalen går det i dag 4 bussar frå Ørskog/Skodje og desse er fulle i dag. Det skal ikkje mange nye elevar til, før vi må sette inn ein buss til. Vi vurderer at inntil 6 elevar jmfr bestilling, er noko som det er kapasitet til.

Det er også lang reisetid frå Stranda sentrum til Ålesund. Bussen har avgangstid kl 0550 og er i Ålesund rundt kl 0800. Her snakker vi også om nesten 2,5 timar om morgonen. Det er i dag 55 elevar frå Stranda og Sykkylven kommunar som går på skulane i Ålesund. I tillegg til ordinære reisande, er dagens rutebuss full, det betyr at vi må sette opp ekstra buss for få med seg alle. Det er heller ikkje kapasitet frå Magerholm til Ålesund på dei lokale bybussane. Etter skuletid, så sprer elevane seg på fleire avgangar og det er ikkje eit kapasitetsproblem

Det er i dag 39 elevar på Strekninga Stranda sentrum – Tynesstranda som nyttar skulebussen til Sykkylven vgs. I tillegg kjem det på grunnskuleelevar Tynesstranda/Øvre Tynes/Vik 15 stk, som gjer at rutebussen er full, dersom alle nyttar seg av skulereisebeviset. Det betyr at auka skyssbehov vil bety at vi må sette inn ekstra buss på deler av strekninga

Fjord kommune (alle skuleåra)

Dersom Stranda vgs **vert lagt ned** vil ein kunne redusere ein del avgangar til/frå Liabygda ferjekai, særleg om ettermiddagen. Om morgonen er skyss til Liabygda knytt opp mot grunnskuleskyss, dvs at det ikkje er innsparing (bussane må dit uansett)

Vidare legg vi til grunn at det er kapasitet på bussane Sjøholt – Ålesund til dei nye elevane. I dag starter skulebussen på Vad bru, medan vi legg til grunn at bussane må starter i Valldal, når Stranda vgs vert lagt ned, det er alltid nokon som vil bu heime. I tillegg vert det lagt til grunn at det vert matebuss frå enten Fjøre eller fram i Valldalen, og vi har lagt inn Hoel bru i dette notatet. Innsparingar ved nedlegging av Stranda vgs er pr år:

	Fjord kommune		
	tiltak	dg	totalsum
1	Innsparing ettermiddag Valldal - Liabygda - Valldal	190	-kr 295 020
2	Innsparing ettermiddag Sjøholt - Liabygda - Sjøholt	190	-kr 325 994
3	Innsparing morgon Sjøholt - Liabygda	190	-kr 160 052
4	Innsparing morgon ved nedlegging Stranda Valldal - Hoel bru - Valldal	190	-kr 112 116
5	Auka skuleskyss morgon Hoel bru - Valldal - Stordal	190	kr 217 313
6	Auka skuleskyss ettermiddag elevar Ålesund Valldal - Hoel bru - Valldal	190	kr 112 116
7	Auka behov tal bussar	190	kr -
			-kr 563 753

Ved **samanslåing** vil ein måtte ha dagens tilbod til/frå Liabygda ferjekai. I tillegg så må ein legge til grunn at redusert tilbod på Stranda vgs, vil kunne bety at ein må ha eit tilbod til/frå Valldal for elevane som skal til Ålesund. Auka kostnad med dette alternativet vert då:

	Fjord kommune		
	tiltak	dg	totalsum
5	Auka skuleskyss morgon Hoel bru - Valldal - Stordal	190	kr 217 313
6	Auka skuleskyss ettermiddag elevar Ålesund Valldal - Hoel bru - Valldal	190	kr 112 116
7	Auka behov tal bussar	190	kr -
			kr 329 429

Stranda kommune - Alternativ – nedlegging

Dette gjev følgjande prognose for kor mange ekstra elevar som treng skoleskyss

Frå Stranda kommune til Sykkylven vgs:

- 2026/2027 – 14 elevar
- 2027/2028 – 20 elevar
- Frå og med 2028/2029 – 23 elevar

Frå Stranda kommune til vidaregåande skolar i Ålesund:

- 2026/2027 – 14 elevar
- 2027/2028 – 20 elevar
- Frå og med 2028/2029 – 23 elevar

	Stranda kommune		
	tiltak	dg	totalsum
1a	Auka behov tal bussar 1 ekstra buss	190	kr 776 244
1b	Auka skuleskyss morgon Erstad - Straumgjerde - Aure pga sprekk	190	kr 170 059
2	Auka skuleskyss ettermiddag Aure - Drotninghaug pga sprekk	190	kr 178 888
3	Innsparing ettermiddag Stranda - ingen innsparing	190	kr -
4	Auka kostnad Strandadalen morgon skyss Helstad - Stranda i dag, starte på Overvoll	190	kr 16 187
5a	Auka behov tal bussar pga mange nye elevar til Ålesund	190	kr 776 244
5b	Auka skuleskyss Sykkylven - Moa	190	kr 326 830
6	Retur Ålesund - Sykkylven	190	
			kr 2 244 453

- Prisar er basert på kontraktspris pr 1. kvartal 2025

Det er i dag 55 elevar frå Stranda og Sykkylven kommunar som går på skulane i Ålesund. I tillegg til ordinære reisande, er dagens rutebuss full, det betyr at vi må sette opp ekstra buss Sykkylven – Moa for få med seg alle. Det er heller ikkje kapasitet frå Magerholm til Ålesund på dei lokale bybussane. Etter skuletid, så sprer elevane seg på fleire avgangar og det er ikkje eit kapasitetsproblem

Det er i dag 39 elevar på Strekinga Stranda sentrum – Tynesstranda som nyttar skulebussen til Sykkylven vgs. I tillegg kjem det på grunnskuleelevar Tynesstranda/Øvre Tynes/Vik 15 stk, som gjer at rutebussen er full, dersom alle nyttar seg av skulereisebeviset. Det betyr at auka skyssbehov vil bety at vi må sette inn ekstra buss på deler av strekinga.

Alle 3 skuleåra er det behov for ekstra kapasitet

Alternativ – Samanslåing

Dette gjev følgjande prognose for kor mange ekstra elevar som treng skoleskyss

Frå Stranda kommune til Sykkylven vgs:

- 2026/2027 – 5 elevar
- 2027/2028 – 10 elevar
- Frå og med 2028/2029 – 15 elevar

Frå Stranda kommune til vidaregåande skolar i Ålesund:

- 2026/2027 – 5 elevar
- 2027/2028 – 10 elevar
- Frå og med 2028/2029 – 15 elevar

Vi legg til grunn at vi kan klare å handtere 5 ekstra passasjerar skuleåret 2026/27, men med 10 ekstra reisande vert det behov for ekstra buss, dvs 2027-28 og 2028-29.

Kostnad 2026/27:

	Stranda kommune		
	tiltak	dg	totalsum
1b	Auka skuleskyss morgon Tynesstranda - Aure ekstra vende drosje	190	kr 98 000
3	Innsparing ettermiddag Stranda - ingen innsparing	190	kr -
4	Auka kostnad Strandadalen morgon skyss Helstad - Stranda i dag, starte på Overvoll	190	kr 16 187
5b	Auka skuleskyss Sykkylven - Ørneset	190	kr 79 800
6	Retur Ålesund - Sykkylven	190	
			kr 193 987

Vi legg til grunn at det vert elevar heile Strandadalen som kan gå på skule i Sykkylven, ikkje berre Helstad som det er i dag.

Vi setter opp drosje som kan ta elevar Tynes – Aure sk, slik at vi klarer oss med dagens buss, dette kan vi gjere dersom talet på ekstra elevar er 5.

Vi sender buss Sykkylven til Sykkylven ferjekai og elevane går over på bybuss på Magerholm ferjekai. Det er plass til 5, men ikkje fleire ref teljingar i dag.

Kostnad frå hausten 2027:

	Stranda kommune		
	tiltak	dg	totalsum
1a	Auka behov tal bussar 1 ekstra buss	190	kr 776 244
1b	Auka skuleskyss morgon Erstad - Straumgjerde - Aure pga sprekk	190	kr 170 059
2	Auka skuleskyss ettermiddag Aure - Drotninghaug pga sprekk	190	kr 178 888
3	Innsparing ettermiddag Stranda - ingen innsparing	190	kr -
4	Auka kostnad Strandadalen morgon skyss Helstad - Stranda i dag, starte på Overvoll	190	kr 16 187
5a	Auka behov tal bussar pga mange nye elevar til Ålesund	190	kr 776 244
5b	Auka skuleskyss Sykkylven - Moa	190	kr 326 830
6	Retur Ålesund - Sykkylven	190	
			kr 2 244 453

Kostnadane frå 2027 vert som ved alternativ nedlegging. Med 10 nye passasjerar, så sprekk kapasiteten på to bussar og det må dublerast på delar av strekninga